



# Vang kommune

Innlandet Fylkeskommune Kompetanse og Tannhelse  
Postboks 4404  
2325 HAMAR

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Arkiv:

Vår dato:

RONSOL -24/451 -3

27.08.2024

## Høring framtidig skule- og tilbodsstruktur og alternative opplæringsmodellar

Hovudutval for levekår har i møte 20.8.24 fatta vedtak med høyringsinnspel frå Vang kommune.  
Vedlagt sendast saksframstilling og vedtak fatta i sak HL-017/24.

Med helsing

Solveig Rønneberg

Rådgivar

Dir. tf.: 908 40 792

E-post: [solveig.ronneberg@vang.kommune.no](mailto:solveig.ronneberg@vang.kommune.no)

**Etter rutinane våre er dette dokumentet godkjent og sendt utan underskrift.**



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
017/24	Hovudutval for levekår	20.08.2024

### Framtidig skule- og tilbudsstruktur og alternative opplæringsmodellar for vidaregåande opplæring i Innlandet. Høyringsinnspel frå Vang kommune

#### Saksopplysningar:

På grunn av synkende elevtal og økonomiske utfordringar, vurderast det strukturendringar i vidaregåande opplæring i Innlandet fylkeskommune for å sikre kvalitet og stabilitet i utdanningstilboda.

Sak om framtidig skule- og tilbudsstruktur og alternative opplæringsmodellar i Innlandet fylkeskommune er lagt ut på offentlig høyring med høyringsfrist 31. august 2024.

Innlandet fylkeskommune ønsker tilbagemeldingar på spørsmål knytt til 4 hovudområde:

1. Dei framlagte forslaga til endringar i skule- og tilbudsstruktur.
2. Dei framlagte forslaga til alternative opplæringsmodellar.
3. Korleis fylkeskommunen gjennom samarbeid med kommunar, regionar, næringsliv og andre kan vere samskapande om opplæring.
4. Kva for partnerskapsmodellar for dei kommunale ansvarsområda i elevtenesta som best sikrar elevane sitt behov for eit skulemiljø med trivsel og sosial tilhøyrse.

Fylkesutvalet sitt vedtak 30.04.24 spesifiserer nærare kva IFK ønsker særleg svar på frå høyringsinstansane, sjå vedlegg til saka. ([vedtak\\_horing.pdf \(innlandetfylke.no\)](#))

#### Synkende elevtal

Grunna synkende elevtal i vidaregåande opplæring og stramme økonomiske rammer, er det behov for strukturendringar for å sikre stabile utdanningstilbod med høg kvalitet.

	GSI-TALL												SSB-TALL 1-6 ÅR							
	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2036	2037	2038
Valdres	203	203	205	194	197	202	217	167	174	167	159	158	168	163	166	148	136	162	135	120
Sør-Østerdal	445	402	469	453	444	414	413	441	385	417	349	368	393	363	375	392	371	338	306	324
Nord-Østerdal	199	166	167	182	170	187	195	180	169	183	153	154	145	123	122	133	131	124	130	124
Nord-Gudbrandsdalen	230	201	208	211	190	180	178	228	177	156	144	178	186	158	158	158	138	156	142	152
Midt-Gudbrandsdalen	145	147	150	140	136	163	144	152	133	127	134	144	95	132	131	103	119	117	121	122
Lillehammerregionen	448	428	405	423	396	426	403	415	439	394	378	451	351	388	402	372	381	360	359	362
Kongsvingerregionen	548	609	480	485	474	501	498	474	471	450	420	419	391	401	433	366	362	413	347	370
Hamarregionen	1067	1091	961	1009	1034	1050	1107	1048	1007	1048	1002	946	920	970	1021	1044	971	916	909	932
Hadelandregionen (inkl. J og L)	381	359	363	388	328	368	343	368	306	324	323	323	302	313	322	288	262	271	260	276
Gjøvikregionen	844	786	737	784	764	773	785	738	674	743	696	688	679	663	724	655	632	614	586	579
	4510	4394	4145	4269	4133	4264	4283	4211	3935	4009	3758	3829	3630	3694	3854	3659	3503	3471	3295	3361
Private grunnskoler	118	146	164	194	178	186	191	144	149	144	154	123	141	123						
<b>Totalt</b>	<b>4628</b>	<b>4540</b>	<b>4309</b>	<b>4463</b>	<b>4111</b>	<b>4450</b>	<b>4474</b>	<b>4155</b>	<b>4084</b>	<b>4153</b>	<b>3912</b>	<b>3952</b>	<b>3771</b>	<b>3817</b>	<b>3854</b>	<b>3659</b>	<b>3503</b>	<b>3471</b>	<b>3295</b>	<b>3361</b>

Figur 1: Elevtallsutvikling pr. region (Utdanningsdirektoratet, GSI og SSB (tabell 07459) hentet 06.02.23.

Elevtala til og med 2032 er henta frå GSI (Grunnskulens Informasjonssystem). For perioden 2033-2038 er tala basert på dei som er født (SSB)

### Økonomiske rammor

Dei økonomiske rammene tilseier at endringane som blir foreslått ikkje skal utløyse behov for omfattande investeringar i nye skulebygg.

### Heilskaplege vurderingar

Forslaga er basert på heilskaplege vurderingar og det vedtatte kriteriesettet, som inkluderer talet på parallell-klassar og tilbod på ulike utdanningsprogram.

### Samfunnet sitt kompetansebehov

Ny opplæringslov presiserer at fylka skal legge vekt på samfunnet sitt behov for kompetanse ved planlegging av opplæringsstilbod, noko som reflekterast i dei alternative modellane.

### Høyringsalternativ

Tre alternativ for ny skule- og tilbodsstruktur blir lagt ut på høyring, med forslag om å avvike ulike skular og skulestader. Her er ein oppsummering av dei foreslegne alternativa til ny skule- og tilbodsstruktur i Innlandet fylkeskommune:

#### *Alternativ 1: Avvikling av ein skule og fire skulestader:*

- Skarnes vgs1.
- Skulestad Nordstumo (Storsteigen vgs.)
- Skulestad Dombås (Nord-Gudbrandsdal vgs.)
- Skulestad Lom (Nord-Gudbrandsdal vgs.)
- Skulestad Flisa (Solør vgs.)

#### *Alternativ 2: Avvikling av to skular og fem skulestader:*

- Skarnes vgs
- Dokka vgs
- Skulestad Nordstumo (Storsteigen vgs.)
- Skulestad Dombås (Nord-Gudbrandsdal vgs.)
- Skulestad Lom (Nord-Gudbrandsdal vgs.)
- Skulestad Flisa (Solør vgs.)
- Skulestad Sønsterud (Solør vgs.)

#### *Alternativ 3: Fire skular og fem skulestader blir lagt ned:*

- Skarnes vgs.
- Dokka vgs.
- Trysil vgs.
- Gausdal vgs.
- Skulestad Nordstumo (Storsteigen vgs.)
- Skulestad Dombås (Nord-Gudbrandsdal vgs.)
- Skulestad Lom (Nord-Gudbrandsdal vgs.)
- Skulestad Flisa (Solør vgs.)
- Skulestad Sønsterud (Solør vgs.)

### Alternative opplæringsmodellar

Alternative opplæringsmodellar kan vere med å sikre arbeidskraft- og kompetansebehov i ein situasjon med elevtalsnedgang. Modellane må sikre ønska kvalitet i opplæringa og eit godt læringsmiljø for elevane.

Innlandet fylkeskommune legg fire alternative søkbare opplæringsmodellar ut på høyring. Modellane blir nærare omtala i vedlagte høyringssak og notat.

Alle delane av Innlandet har eit stort kompetansebehov. Alternative modellar er meint å medverke til å løyse delar av dette i nokre sektorar og regionar.

Høyringsinstansane blir bedt om å svare på kva for modell(ar) dei ønsker prøvd ut i sin bransje eller region:

- Modell 1: (0+4) Lærlingeløp over fire år med støtte frå skule
- Modell 2: (1+3) Vg1 i skule, så lærlingeløp over tre år med undervisningsstøtte frå skule
- Modell 3: (2+2) Digital programfagopplæring på Vg1 og Vg2 kombinert med praktisk opplæring i bedrift
- Modell 4: (2+2) Digital programfagopplæring på Vg2 kombinert med praktisk opplæring i bedrift

#### Her er ein oppsummering av partnerskapsmodellar for elevtenesta

- Partnerskapsmodellar som involverer samarbeid med kommunar for å støtte elevane sitt skulemiljø og sosial tilhøyrse.
- Regionale partnerskap: Samarbeid med regionale aktørar for å skape samskapande opplæringsmoglegheiter.

#### Næringslivsengasjement

Modellar som inkluderer næringslivet for å bidra til opplæring som understøtter lokal rekruttering og kompetansebehov.

#### Tilbudsstruktur

Restaurant- og matfag (RM) ved Valdres vgs er foreslått nedlagt frå hausten 2025. Det vart orientert om dette i kompetanseforum frå rektor ved Valdres vgs. Spørreundersøkinga blei sendt frå VNH til representantar for næringa i mai 2024. 13 verksemder har så langt sendt svar.

Det blir peikt på tre gode grunnar til å behalde restaurant- og matfag i Valdres:

1. Søkartal: Grunngivinga i saksutgreiinga for skulestruktur er at RM har hatt låge søkartal over lengre tid. Dette er berre delvis rett. Dei siste to åra har søkartala til RM auka fordi næringa sjølv har mobilisert for å inspirere skuleelevar til å velje denne yrkesvegen. Vi ber derfor om at søkartala for dei siste to åra blir lagt til grunn for vurderinga.
2. Reiselivet i Valdres: Valdres har ein lang tradisjon for reiseliv. Dei siste åra har vi opplevd større pågang av både norske og utanlandske gjestar som etterspør eit service- og mattilbod. Vidare omstillar no store delar av næringa seg til meir berekraftig drift, større delingskultur og sirkulær tankegang. Det blir satsa på overnatting i «varme senger», matoppleving og høg kvalitet i Valdres. Det vil vere øydeleggande for satsinga å miste utdanningstilbodet Restaurant- og matfag ved den lokale skulen.
3. Lokalmat i Valdres: Det er stor satsing på lokalmat i Valdres no. Gjennom Omstillingsprogrammet i Nord-Aurdal og behov frå næringa sjølv er det fleire prosjekt på gang både for produksjon og lokal foredling av råvarer. Bedrifter som foredlar lokale råvarer slit med rekruttering av arbeidskraft. Det vil vere eit stort tap for lokalmatsatsinga i Valdres å miste det lokale opplæringstilbodet.

#### **Vurdering:**

Vang kommune vel å framstille saka i hovudsak knytt til dei fire hovudtemaa i høyringa og nokre av dei spesifiserte spørsmåla frå Fylkesutvalet sitt vedtak 30.04.24 som er mest relevante for Vang kommune.

## Skule- og tilbodsstruktur

Det er bra at strukturdebatten blir tatt gjennom ein solid og transparent prosess med god moglegheit for innspel.

Dei foreslegne alternativa for endring i skulestruktur påverkar i mindre grad Vang/Valdres. Vang kommune vil likevel understreke betydninga av god ressursbruk som sikrar kvalitativt gode og stabile undervisningstilbod.

Av IFK sine vurderingar går det fram at ein ved ny skule- og tilbodsstruktur ønsker å sikre ein størst mogleg breidde i utdanningstilbodet i dei ulike regionane eller i tilliggande regionar. Det blir også påpeikt at endringar vil gi eit grunnlag for å skape eit stabilt og forutsigbart tilbod til elevane. Også for å sikre eit godt og konstruktivt samarbeid med nærings- og arbeidsliv er det ein viktig føresetnad at utdanningsprogramma er stabile. Vang kommune er eining i nemnde vurderingar.

Vang kommune ser det som positivt og viktig at dei etablerte studietilboda ved Valdres vgs oppretthaldast som eit nærtilbod for store delar av elevgruppa frå Valdres og Vang. Vang kommune ser det også som bra at både studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram blir oppretthalde ved skular som Gjøvik vgs og Lillehammer vgs, da dei kan supplere opplæringstilbodet ved Valdres vgs for elevar i regionen.

Det er jamnleg nokre elevar frå Vang som ønsker andre utdanningsprogram enn dei som pr. i dag er ved Valdres vgs og fleirtallet av dei søker tilbod anten i Gjøvik-regionen eller i Lillehammer-regionen, og i hovudsak ved Gjøvik vgs Lena-Valle vgs og Lillehammer vgs. Det gjeld særleg studieførebuande utdanningsprogram innan kreative fag eller yrkesfag som ikkje finst i Valdres. Gjøvik og Lillehammer er lettast tilgjengeleg med offentleg kommunikasjon, men krev likevel reisetid på minimum 2,5 -3,5 timar.

Vang kommune vil også be om at det blir vurdert å inngå samarbeidsavtale med Vestland fylkeskommune om moglegheit for elevar frå Innlandet. Sogndal vgs, Voss vgs, Årdal vgs og Sogn Jord- og hagebruksskule vil vere dei mest aktuelle skulane. For nokre elevar kan dette vere ønskeleg og gi kortare reiseveg enn til tilsvarande tilbod i Innlandet.

## Alternative opplæringsmodellar

Vang kommune vurderer at dei utgreidde 4 søkbare alternative opplæringsmodellane kan gi elev/lærling liten tilknytning til skule og eit elev-/lærlingmiljø. Modellane vil vere heilt avhengig av ein velfungerande lærebedrift og eit samarbeidsteam bedrift/skule/FK som fungerer godt i eit komplisert samarbeid. Modellane set også høge krav til elev/lærling om sjølvstende og evne til eiga organisering. Om modellar skal prøvast ut ser kommunen modellane 2 og 4 som dei minst risikofylte, da det i dei i størst grad blir etablert eit fagleg og sosialt forhold til skulen. Vang kommune har merka seg at fylkeskommunedirektøren fraråder modell 4 på bakgrunn av ein heilskapleg vurdering med ein del konkretiserte betenkingar (pkt. 15.2. i saksframlegg).

Vang kommune har merka seg at fylkeskommunen i dag nyttar handlingsrommet lova gir for å finne individuelle løysingar for enkeltelevar som av ulike grunner ikkje kan/vil følge ordinært opplæringsløp. Slike løp kjem i stand ved at skulen, lærebedrift og fylkeskommunen finn fleksible, individuelle løysingar som er gjennomførbare for alle partar. Denne praksisen ønsker IFK å vidareføre, og ny opplæringslov gir også rom for det. Vang kommune meiner at for ei gruppe elevar, som ønsker seg raskt ut i praktisk lære, vil ein framleis fleksibel praksis for individuelt tilpassa opplæringsløp vere eit godt alternativ og vere å foretrekke framfor kompliserte, dyre og sårbare søkbare alternative opplæringsmodellar.

Vang kommune trur at det frå eit elevsynspunkt vil vere å foretrekke å følge eit ordinært og etablert opplæringsløp ved ein vidaregåande skule med eit godt fagmiljø innan relevante fag, for så å gå over i ordinær lære i ein bedrift. For mange elevar frå «utkantene» vil hybelliv og lang reisevei uansett vere ein realitet, og dei omtalta søkbare alternative modellane vil i mange tilfelle medføre kompliserte reise- og busituasjonar for å kunne vere til rett tid på skule/bedrift/hybel/heim.

Vang kommune meiner at skulane i gitte situasjonar må etablere god kontrakt med næringsliv også utanfor eigen skulregion for å kunne tilby læreplass for elevar der dei ønsker eller nær heimstad. Det regionale næringslivet må også sjå moglegheit for samarbeid med skular utanfor eigen region til beste for elevar/lærlingar og kompetansebehovet i regionen. Dette er særleg relevant for fagområde som elevane må til ein naboregion for å få opplæringstilbod i.

#### Fylkeskommunalt samarbeid med kommunar, regionar, næringsliv, samskaping om opplæring

Det bør leggest til rette for eit strukturert samarbeid mellom næringsliv, region og kommunar. Dette kan skje gjennom regionale kompetanseforum, som også eksisterer i dag. Ved nokre høve bør det vere aktuelt at kompetanseforum i ulike regionar møtast for å utveksle erfaringar og drøfte behov og opplæringstilbod som ikkje kan dekkast innan eigen region.

#### Partnerskapsmodellar

Partnerskapsmodellar som involverer samarbeid med kommunar for å støtte elevane sitt skulemiljø og sosial tilhøyrse er nemnt. Kommunane bidrar gjerne i koordinering av tiltak kring elevane, men tiltaka bør spissast mot dei eksisterande tiltaka knytt til skulehelsepersonell og elevtenesta. Kommunane har tidlegare overtatt ansvar for helsepersonell ved vidaregåande skular, og ser fram til eit samarbeid om desse.

Vang kommune har jamnleg elevar som er hybelbuarar i Valdres eller i andre skuleregionar, og meiner ein god elevteneste med tilrettelegging for hybelbuarar er viktig ved alle aktuelle vidaregåande skular.

#### **Framlegg til vedtak:**

1) Innlandet fylkeskommune ønsker gjennom ny skule- og tilbodsstruktur å sikre ein størst mogleg breidde i utdanningstilbodet i dei ulike regionane eller i tilliggande regionar. Vang kommune meiner at utdanningstilbodet for elevar frå Vang i hovudsak vil ha tilfredsstillande breidde og stabilitet i Valdres-regionen eller tilliggande regionar i det framlagte forslaget. Vang kommune vil understreke at god ressursbruk som sikrer kvalitativt gode og stabile undervisningstilbod er viktig.

Vang kommune vil også be om at det blir vurdert å inngå samarbeidsavtale med Vestland fylkeskommune om moglegheit for elevar frå Innlandet ved nokre av skulane i Vestland som ligg nær fylkesgrensa.

Når det gjeld restaurant- og matfag ved Valdres vgs ber Vang kommune om at oppdatert tallgrunnlag for 2022 og 2023 blir lagt til grunn for dei vidare vurderingane. Dei siste to årene har søkertala auka. Dette er ei betydeleg næring i Valdres.

2) Vang kommune støttar vidare utprøving av modell 2 som søkbar alternativ opplæringsmodell i Valdresregionen innan restaurant og matfag, dersom utdanningsprogrammet kan halde fram på Vg1.

Elles tilrår Vang kommune følgande for å sikre arbeidskraft- og kompetansebehov i ein situasjon med nedgang i elevtal:

- å fokusere på å etablere godt og robust samarbeid mellom næringsliv/lærebedrifter og vgs med ordinære opplæringsløp i aktuelle utdanningsprogram i eigen eller tilliggande region. Dette vil oppretthalde kvalitet i opplæringa og eit godt læringsmiljø for elevane.

- halde fram å nytte handlingsrommet for individuelt tilpassa opplæringsløp for elevar som treng det til beste for elevar/lærlingar og bedrifter.

3) Vang kommune støttar også arbeid med modellar som inkluderer NAV og næringslivet og kan bidra til opplæring som er positiv for lokal rekruttering og kompetansebehov. Elevane må sikrast opplæring samfunnet etterspør - og på måtar som gir høg gjennomføringsgrad.

Vidare bør det leggest til rette for eit strukturert samarbeid mellom næringsliv, region og kommunar. Dette kan skje gjennom eksisterande regionale kompetanseforum. Fylkeskommunen bør ved ønske/behov koordinere erfaringsutveksling og behovsdrøftingar på tvers av regionar.

4) Kommunane bistår gjerne i koordinering av tiltak kring elevane. Tiltaka bør spissast mot dei eksisterande ordningane med helsesjukepleiar og elevteneste. Kommunane har tidlegare overtatt ansvar for helsepersonell ved vidaregåande skular, og imøteser eit samarbeid om desse.

Hovudutval for levekår 20.08.2024:

#### **Behandling:**

Nytt framlegg til vedtak - utarbeida i møtet, foreslått av ,

1) Innlandet fylkeskommune ønsker gjennom ny skule- og tilbodsstruktur å sikre ein størst mogleg breidde i utdanningstilbodet i dei ulike regionane eller i tilliggande regionar. Vang kommune meiner at utdanningstilbodet for elevar frå Vang i hovudsak vil ha tilfredsstillande breidde og stabilitet i Valdres-regionen eller tilliggande regionar i det framlagte forslaget. Vang kommune vil understreke at god ressursbruk som sikrer kvalitativt gode og stabile undervisningstilbod er viktig. Vang kommune ber om at det blir inngått samarbeidsavtale med Vestland fylkeskommune om moglegheit for elevar frå Innlandet ved nokre av skulane i Vestland som ligg nær fylkesgrensa. Når det gjeld restaurant- og matfag ved Valdres vgs ber Vang kommune om at oppdatert tallgrunnlag for 2022 og 2023 blir lagt til grunn for dei vidare vurderingane. Dei siste to årene har søkertala auka. Dette er ei betydeleg næring i Valdres. Det er også viktig for å ivareta matkulturen. Og også viktig for framtidige behov i Vang, jf. utbyggingsplanar på Filefjell. Vang kommune meiner det er utfordrande å skrive årstal for nedlegging, for da går søkartal til utdanningsprogrammet ned.

2) Vang kommune støttar vidare utprøving av modell 2 som søkbar alternativ opplæringsmodell i Valdresregionen innan restaurant og matfag, dersom utdanningsprogrammet kan halde fram på Vg1.

Elles tilrår Vang kommune følgande for å sikre arbeidskraft- og kompetansebehov i ein situasjon med nedgang i elevtal:

- å fokusere på å etablere godt og robust samarbeid mellom næringsliv/lærebedrifter og vgs med ordinære opplæringsløp i aktuelle utdanningsprogram i eigen eller tilliggande region. Dette vil oppretthalde kvalitet i opplæringa og eit godt læringsmiljø for elevane.

- halde fram å nytte handlingsrommet for individuelt tilpassa opplæringsløp for elevar som treng det til beste for elevar/lærlingar og bedrifter.

3) Vang kommune støttar også arbeid med modellar som inkluderer NAV og næringslivet og kan bidra til opplæring som er positiv for lokal rekruttering og kompetansebehov. Elevane må sikrast opplæring samfunnet etterspør - og på måtar som gir høg gjennomføringsgrad.

Vidare bør det leggest til rette for eit strukturert samarbeid mellom næringsliv, region og kommunar. Dette kan skje gjennom eksisterande regionale kompetanseforum. Fylkeskommunen bør ved ønske/behov koordinere erfaringsutveksling og behovsdrøftingar på tvers av regionar.

4) Kommunane bistår gjerne i koordinering av tiltak kring elevane. Tiltaka bør spissast mot dei eksisterande ordningane med helsesjukepleiar og elevteneste, særleg helsesjukepleiar. Kommunane har tidlegare overtatt ansvar for helsepersonell ved vidaregåande skular, og imøteser eit samarbeid om desse.

Vang kommune ber om at Innlandet fylkeskommune bygger eit offentleg internat knytta til Valdres vgs.

Nytt framleg til vedtak - utarbeida i møtet: Samrøystes vedteke

#### **HL- 017/24 Vedtak:**

1) Innlandet fylkeskommune ønsker gjennom ny skule- og tilbodsstruktur å sikre ein størst mogleg breidde i utdanningstilbodet i dei ulike regionane eller i tilliggande regionar. Vang kommune meiner at utdanningstilbodet for elevar frå Vang i hovudsak vil ha tilfredsstillande breidde og stabilitet i Valdres-regionen eller tilliggande regionar i det framlagte forslaget. Vang kommune vil understreke at god ressursbruk som sikrer kvalitativt gode og stabile undervisningstilbod er viktig.

Vang kommune ber om at det blir inngått samarbeidsavtale med Vestland fylkeskommune om moglegheit for elevar frå Innlandet ved nokre av skulane i Vestland som ligg nær fylkesgrensa.

Når det gjeld restaurant- og matfag ved Valdres vgs ber Vang kommune om at oppdatert tallgrunnlag for 2022 og 2023 blir lagt til grunn for dei vidare vurderingane. Dei siste to årene har søkertala auka. Dette er ei betydeleg næring i Valdres. Det er også viktig for å ivareta matkulturen. Og også viktig for framtidige behov i Vang, jf. utbyggingsplanar på Filefjell. Vang kommune meiner det er utfordrande å skrive årstal for nedlegging, for da går søkartal til utdanningsprogrammet ned.

2) Vang kommune støttar vidare utprøving av modell 2 som søkbar alternativ opplæringsmodell i Valdresregionen innan restaurant og matfag, dersom utdanningsprogrammet kan halde fram på Vg1.

Elles tilrår Vang kommune følgande for å sikre arbeidskraft- og kompetansebehov i ein situasjon med nedgang i elevtal:

- å fokusere på å etablere godt og robust samarbeid mellom næringsliv/lærebedrifter og vgs med ordinære opplæringsløp i aktuelle utdanningsprogram i eigen eller tilliggande region. Dette vil oppretthalde kvalitet i opplæringa og eit godt læringsmiljø for elevane.

- halde fram å nytte handlingsrommet for individuelt tilpassa opplæringsløp for elevar som treng det til beste for elevar/lærlingar og bedrifter.

3) Vang kommune støttar også arbeid med modellar som inkluderer NAV og næringslivet og kan bidra til opplæring som er positiv for lokal rekruttering og kompetansebehov. Elevane må sikrast opplæring samfunnet etterspør - og på måtar som gir høg gjennomføringsgrad.

Vidare bør det leggest til rette for eit strukturert samarbeid mellom næringsliv, region og kommunar. Dette kan skje gjennom eksisterande regionale kompetanseforum. Fylkeskommunen bør ved ønske/behov koordinere erfaringsutveksling og behovsdrøftingar på tvers av regionar.

4) Kommunane bistår gjerne i koordinering av tiltak kring elevane. Tiltaka bør spissast mot dei eksisterande ordningane med helsesjukepleiar og elevteneste, særleg helsesjukepleiar. Kommunane har tidlegare overtatt ansvar for helsepersonell ved vidaregåande skular, og imøteser eit samarbeid om desse.

Vang kommune ber om at Innlandet fylkeskommune bygger eit offentleg internat knytta til Valdres vgs.